



# Kinn kommune - Eigarstrategi

Vedtatt i Kinn kommunestyre 06.11.2019, sak 035/19.

# Innhald

## EIGARSTRATEGI:

1.	Innleiing	4
2.	Formål med eigarskapen	5
2.1	Kategoriar og vurderingskriterium	5
2.1.1	Finansielle investeringar	6
2.1.2	Strategiske og politiske investeringar	6
2.1.3	Samfunnsøkonomiske investeringar	6
2.1.4	Effektivisering av tenesteproduksjonen	6
2.1.5	Næringspolitikk	6
2.1.6	Andre investeringar	6
2.2	Vurdering av klassifisering og tiltak for eigarskapa.	8
3.	Oversikt over eigarskap og utval	9
3.1	Oversikt over eigarskap	9
3.2	Oversikt over representantar og utval	9
4.	Prinsipp for god eigarstyring	10
4.1	Utøving av godt og aktivt eigarskap	10
4.2	Kommunen sine prinsipp for god eigarstyring	10
4.2.1	Etablering og avvikling av selskap	10
4.2.2	Selskapsspesifikk eigarstrategi	11
4.2.3	Honorering av utsendingar til styre og eigarorgan	11
4.2.4	Mål og resultatkrav til selskapa	11
4.2.5	Openheit knytt til eigarskapa	12
4.2.6	Samfunnsansvar og etikk	12
4.2.7	Internkontroll	13
4.2.8	Dokumentasjon	13
5.	Utøving av eigarskapen	14
5.1	Generelt	14
5.1.1	Opplæring av representantar	14
5.1.2	Styrerrepresentant	14
5.1.3	Habilitetsvurdering av styrerrepresentantar	15
5.1.4	Tilsyn og kontroll	15
5.2	Eigarstyring i Kinn kommune	16
5.2.1	Kommunestyret	16
5.2.2	Valkomite	16
5.2.3	Formannskapet	16
5.2.4	Utsending til eigarorgana	17
5.2.5	Val av styremedlemmer	17
5.2.6	Rådmannen	17
5.3	Oppfølging av selskapa	18
5.3.1	Eigarmelding	18
5.3.2	Eigarmøte og kontaktmøte	19
5.3.3	Generell rapportering	19
5.3.4	Enkeltrapportering	20
6.	Vedlegg	21
6.1	Vedlegg 1- Alternative organisasjonsformer	21

6.1.1	Kommunen	21
6.1.2	Kommunalt føretak	21
6.1.3	Vertskommunesamarbeid	21
6.1.4	Kommunalt oppgåvefellesskap	21
6.1.5	Interkommunalt selskap	21
6.1.6	Samvirkeføretak	22
6.1.7	Aksjeselskap	22
6.1.8	Stiftingar	22
6.1.9	Val av selskapsform	23

## OVERSIKT TABELLAR OG FIGURAR:

Figur 1: Vurdering av tiltak for eigarskapa	8
Figur 2: Organisering av oppfølging av eigarskap	18
Figur 3: Alternative organisasjonsmodellar	23
Tabell 1: Oversikt kategoriar	5
Tabell 2: Definisjon av kategoriane	7
Tabell 3: Vurderingskriterium pr. kategori	7
Tabell 4: Oversikt selskapa	9

# 1. Innleiing

Dette er den første eigarstrategien som vert utarbeidd for Kinn kommune. Eigarstrategien gjeld frå godkjenning hausten 2019, og den vil vere eit styringsverktøy som skal bidra til at kommunen har ein aktiv og systematisk politisk og administrativ oppfølging av eigarskapa.

Med eigarstrategien ønsker kommunen å vere ein tydeleg eigar ved mellom anna å kommunisere eigarkrav basert på nærmere definerte formål og mål med eigarskapet til kvart enkelt selskap. I tillegg skal eigarstrategien klargjere rolle- og ansvarsfordelinga mellom eigar, styre og dagleg leiing gjennom definerte prinsipp for god eigarstyring og leiing av selskapa.

Forventningane som kjem til uttrykk i kommunen sin eigarstrategi gjeld for alle aksjeselskap, kommunale føretak og interkommunale føretak som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunestyret vil frå hausten 2020 handsame eigarmeldinga, som inkluderer eigarstrategi og ei samla oversikt over kommunen sine eigarinteresser i aksjeselskap, interkommunale selskap og kommunale føretak, i tillegg til omtale av kvart selskap, samt ei vurdering av framleis eigarskap.

Eigarmeldinga vil bli behandla årleg etter gjennomføring av møte i eigarorgana. Det er rådmannen som har ansvar for rullering av meldinga etter bl.a. rapportering frå eigarrepresentantane.

Det har i løpet av første halvår i 2019 vore gjennomført eit arbeid med vurdering av eigarskapa og gjennomføring av tiltak for eigarskapa for samlede aksjeselskap som Flora og Vågsøy kommune har eigarinteresse i. Oppdraget har vore gjennomført av prosjektgruppa for Kinn kommune som har vore leia av Rolf Bjarne Sund. Prosjektgruppa har vore samansett av representantar frå kommunane og politisk gruppe, Hamn og Næring, i tillegg til konsulentar frå Deloitte. Resultatet av dette arbeidet er summert opp i rapport, «Vurdering av eigarskap og gjennomføring av tiltak for eigarskapa».

Vedrørande omtale av det enkelte eigarskap, samt ei vurdering av framleis eigarskap, vises det til nemnte rapport ved behandling av eigarmelding til Kinn Kommune i 2019. Frå og med 2020 vil omtale av kvart selskap og vurdering av framleis eigarskap omfatte alle selskap som Kinn Kommune har eigarskap i.

Kommunen sin eigarstrategi har følgande oppbygging:

**Kapittel 2**-omtalar kommunen sine formål og mål med eigarskapa, noko som legg føringar for korleis eigarstyringa skal innrettast.

**Kapittel 3**- gjev ei samla oversikt over alle verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, det vil seie aksjeselskap, interkommunale selskap og kommunale føretak.

**Kapittel 4 og 5**- omfattar kommunen sine overordna prinsipp for forvaltning og styring av selskapa og eigardelane. Dette gjeld system, retningslinjer og rutinar som kommunen har for å administrere eigarskapen.

**Vedlegg: 6.1**- presenterer ei oversikt over alternative organisasjonsformer.

## 2. Formål med eigarskapen

### 2.1 Kategoriar og vurderingskriterium

Kommunen har ulike formål og mål for å opprette eit selskap eller gå inn i ei etablert selskapsordning. Dette har også følger for korleis eigarstyringa skal innrettast. Det er hensiktsmessig å kategorisere formålet med eigarskapen i enkelte hovudkategoriar. Ei slik kategorisering bidreg til å tydeleggjere kommunen sine mål med eigarskapen. Formålet kan avleast frå selskapet sin formålsparagraf. Formålet definerer kva oppgåver som skal ivaretakast og fastset den ytre ramma for selskapet si verksemd.

Ein eller fleire av dei seks kategoriene som tabellen under viser bør leggast til grunn for utforming av formål og motiv for dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i.

Tabell 1: Oversikt kategoriar



Formålet med å opprette eit selskap eller gå inn i ei etablert selskapsordning skal gå fram av saksframlegget for kommunen sitt vedtak.

Kommunalt eigarskap og rolla som medstiftar skal vurderast opp mot følgjande kriterium:

- Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsnyttig funksjon
- Kommunen kan organisere delar av den kommunale/interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er tilbørleg og i samsvar med aktuelle strategiar.
- Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.

### **2.1.1 Finansielle investeringar**

Dersom kommunen si hovudmålsetting med eigarskapen er å oppnå marknadsmessig avkastning på eigenkapitalen, definerast eigarskapen som «Finansiell investering». Dette vil som hovudregel gjelde selskap som er forretningsmessig orientert og ikkje utfører kommunale oppgåver.

### **2.1.2 Strategiske og politiske investeringar**

Innanfor kategorien «Strategiske og politiske investeringar» definerast dei selskap som kommunen er engasjert i av politiske årsakar, og der selskapet sitt formål vanskeleg kan gjennomførast utan politiske prioriteringar og engasjement. Finansiell avkastning på kommunen sine investeringar eller omsynet til tenesteyting har ikkje noko sjølvstendig fokus for denne type selskap.

Eksempel på eigarskap med strategisk og politiske formål kan vere selskapsetableringar som har til formål å posisjonere kommunen/regionen, eit anna eksempel kan vere selskap innan samferdsle, der kommunen har eit ønske om å påverke løysingar på infrastruktur.

### **2.1.3 Samfunnsøkonomiske investeringar**

Dersom eit selskap reknast som gjennomføringsorgan for samfunnmessige oppgåver og kommunen som eigar ikkje stiller krav til avkastning på eigenkapitalen definerast eigarskapen som ei «Samfunnsøkonomisk investering». Selskap innan denne kategorien må også rekne med at det vert stilt krav frå eigar, samt forventningar om ei effektiv drift med god utnytting av selskapet sine ressursar.

### **2.1.4 Effektivisering av tenesteproduksjonen**

Kategorien «Effektivisering av tenesteproduksjonen» gjeld investeringar der omorganisering til eige selskap vil gi meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning, gjerne i samarbeid med andre. Auka menge av tenester for dei midlane som er til disposisjon og betre forvaltning av anleggsmidlane er også sentralt her.

### **2.1.5 Næringspolitikk**

Kategorien «Næringspolitikk» gjeld selskap som er etablert med formål å utvikle og sikre arbeidsplassar i regionen.

### **2.1.6 Andre investeringar**

Investeringar som er vedteke avhenda eller som ikkje kan klassifiserast i dei andre gruppene klassifiserast som andre investeringar.

Definisjon av dei seks hovudkategoriane som bør leggast til grunn for gruppering og utforming av formål og motiv for dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i er presentert i tabell 2 under.

Tabell 2: Definisjon av kategoriane

Kategoriar	Definisjon
Finansielle investeringar	Selskap som er forretningsmessig orientert og ikkje utfører kommunale oppgåver, der kommunen sitt føremål med investeringa er å oppnå høgast mogleg avkastning på investert kapital.
Strategiske og politiske investeringar	Selskap som kommunen er engasjert i av politiske årsakar, der realisering av selskapet sitt føremål vanskeleg kan gjennomførast utan politiske prioriteringar og engasjement.
Samfunnsøkonomiske investeringar	Selskap som reknast som gjennomføringsorgan for samfunnsmessige oppgåver, og der kommunen som eigar ikkje stiller krav til avkastning av eigenkapitalen.
Effektivisering av tenesteproduksjonen	Investeringar der organisering som eige selskap vil gi meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning, gjerne i samarbeid med andre.
Næringspolitikk	Selskap som er etablert med føremål å utvikle og sikre arbeidsplassar og kompetanse i regionen.
Andre investeringar	Investeringar som er vedteke avhenda eller som ikkje kan klassifiserast i dei andre gruppene.

Vurderingskriterium for å bestemme gruppering av investeringane er presentert i tabell 3 under.

Tabell 3: Vurderingskriterium pr. kategori

Kategori	Vurderingskriterium
Finansielle investeringar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lønnsame / gir avkastning på EK</li> <li>• Moglegeheter for økonomisk utbytte</li> <li>• Holde tilbake overskot / kapitalinnskot (utvikle)</li> <li>• Avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko</li> <li>• Selskap som er forretningsmessig orientert</li> <li>• Utfører ikkje kommunale oppgåver</li> </ul>
Strategiske og politiske investeringar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Selskap der motivet er samfunnsnyttig og strategisk posisjonering av kommunen og/eller regionen</li> <li>• Finansiell avkastning er ikkje eit sjølvstendig fokus</li> </ul>
Samfunnsøkonomiske investeringar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Optimalisere samfunnsmessig nytte</li> <li>• Løyse oppgåver som ikkje vil eller bør bli løyst av private</li> <li>• Det kan også være oppgåver der det er «naturleg monopol»</li> <li>• Offentlig engasjement og styring i oppgåveløysinga</li> <li>• Lågare avkastningskrav til investert kapital, men effektiv drift med god utnytting av selskapet sine ressursar</li> </ul>
Effektivisering av tenesteproduksjonen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Organisering som eige selskap vil gi meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning, gjerne i samarbeid med andre</li> </ul>
Næringspolitikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablere og behalde arbeidsplassar og kompetanse i regionen</li> </ul>
Andre investeringar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Investeringar som ikkje passar inn i andre grupper</li> <li>• Eigarskap som kommunen ikkje kan avhende per dags dato, men som ein ønskjer å avhende på sikt.</li> </ul>

## 2.2 Vurdering av klassifisering og tiltak for eigarskapa.

Kinn kommune vil periodisk evaluere om selskapa sin aktivitet, økonomi, føremål mv. er i samsvar med definerte vurderingskriterium for dei ulike gruppene. Kommunen vil vurdere eigarskapen sin i dei tilfelle der formålet med selskapet er blitt endra.

I slike tilfelle kan omorganisering, sal eller avvikling av selskapet vere alternative tiltak, jf. figur 1.

Figur 1: Vurdering av tiltak for eigarskapa



# 3. Oversikt over eigarskap og utval

## 3.1 Oversikt over eigarskap

Kinn kommune forvaltar store verdiar mellom anna ved å vere eigar av kommunale føretak, og medeigar i interkommunale samarbeid, interkommunale selskap og aksjeselskap. Kinn kommune vil i samsvar med kapittel 26 i ny kommunelov som vart vedteken av Stortinget den 8. juni 2018, utarbeide ei eigarskapsmelding som gir oversikt over alle verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, det vil seie aksjeselskap, interkommunale selskap og kommunale føretak.

Kommunen har totalt eigarskap i 28 aksjeselskap, 3 interkommunale selskap, 4 kommunale føretak, samt 1 pensjonskasse. Av aksjeselskapa er 5 heileigd av kommunen, dei andre er eigde anten i lag med kommunar eller privat, eller ein kombinasjon av dette.

Tabellen under gir ei oversikt over eigarskapa der selskapsform, kommunen si investering, eigardel, verksemd og klassifisering er presentert.

Tabell 4: Oversikt selskapa

Nr.	Selskap	Selskapsform	Investering (NOK)	Eigardel Verksemd	Klassifisering
1	Sogn og Fjordane Energi AS	Aksjeselskap	35 930 600	4,64 % Kraftproduksjon	Finansielle investeringar
2	Firda Billag AS	Aksjeselskap	1 447 000	14,47 % Transport	Finansielle investeringar
3	Firdavegen 1 AS	Aksjeselskap	364 000	6,25 % Eiendom	Andre investeringar
4	Kystvegen Måøy - Flora AS	Aksjeselskap	480 000	36,00 % Samferdsle	Strategiske og politiske investeringar
5	Aksello AS	Aksjeselskap	200 000	11,43 % Næringsutvikling	Næringspolitikk
6	Grovastøylen AS	Aksjeselskap	200 000	16,70 % Idrettsanlegg	Andre investeringar
7	Origod AS	Aksjeselskap	352 098	31,02 % Arbeids- og inkluderingsverksemd	Effektivisering av tenesteproduksjonen
8	Sunnlab AS	Aksjeselskap	167 000	10,00 % Teknisk prøving og analyse	Andre investeringar
9	Botnaneset Industrikskap AS	Aksjeselskap	200 000	1,25 % Eiendom	Strategiske og politiske investeringar
10	Sunnfjord Drift AS	Aksjeselskap	0	0,00 % Arbeids- og inkluderingsverksemd	Effektivisering av tenesteproduksjonen
11	Flora Parkering AS	Aksjeselskap	100 000	100,00 % Parkering	Effektivisering av tenesteproduksjonen
12	Visit Fjordkysten AS	Aksjeselskap	492 000	35,14 % Reiseliv	Næringspolitikk
13	Midtvegen 615 AS	Aksjeselskap	40 000	22,22 % Samferdsle	Strategiske og politiske investeringar
14	Ytre Sunnfjord Holding AS	Aksjeselskap	6 000	3,25 % Ei aksiar i Firdavegen 1 AS	Næringspolitikk
15	Måøy Vekst AS	Aksjeselskap	5 000	4,48 % Næringsutvikling	Andre investeringar
16	Vågøy Parkering AS	Aksjeselskap	100 000	100,00 % Parkering	Effektivisering av tenesteproduksjonen
17	Nordfjordhallen Drift AS	Aksjeselskap	500 000	100,00 % Idrettsanlegg. Inv.	Samfunnsøkonomiske investeringar
18	ASVO Måøy AS	Aksjeselskap	100 000	100,00 % Arbeids- og inkluderingsverksemd	Effektivisering av tenesteproduksjonen
19	Opplysningsfartyg AS	Aksjeselskap	10 000	0,13 % Anna undervisning	Samfunnsøkonomiske investeringar
20	Murutunet AS	Aksjeselskap	5 000	0,03 % Rehabilitering og oppretningsinstitusjon	Andre investeringar
21	Hareid Fastlandssamband AS	Aksjeselskap	1 000	0,01 % Samferdsle	Strategiske og politiske investeringar
22	Fjord Norge AS	Aksjeselskap	10 000	0,24 % Turistkontor og destinasjonselskap	Næringspolitikk
23	Visit Nordfjord AS	Aksjeselskap	10 000	0,58 % Turistkontor og destinasjonselskap	Næringspolitikk
24	Rovdefjordsambandet AS	Aksjeselskap	75 000	1,53 % Samferdsle	Strategiske og politiske investeringar
25	Måøy Vekst Fiber AS	Aksjeselskap	2 000	2,00 % Kabelfasert telekomunikasjon	Næringspolitikk
26	Furene AS	Aksjeselskap	2 000	0,71 % Arbeidstrening og varig tilrettelaagt arbeid	Andre investeringar
27	Kinn Holding AS	Aksjeselskap	200 000	100,00 % Kjøp og sal av aksjar i energiselskap	Finansielle investeringar
28	Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS	Aksjeselskap	100 000	3,27 % Etablera og drive Vitensenteret i S&F.	Samfunnsøkonomiske investeringar
29	Nordfjord Miljøvern IKS (NOMIL)	Interkommunalt selskap	"*)	41,04 % Interkommunalt renovasjonsselskap	
30	Nordfjord Havn IKS	Interkommunalt selskap		48,00 % Interkommunalt hamneselskap	
31	Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS	Interkommunalt selskap		10,95 % Mottak og formidling av meldinger som gjeld brann og ulykker.	
32	Eigenkapitalinnskot KLP	Pensjonskasse		Pensjonskasse	
33	Havhesten Flora kommune KF	Kommunalt føretak		100,00 % Kommunalt badeanlegg	
34	Flora Hamn KF	Kommunalt føretak		100,00 % Drift av hamne- og kaiarlegg	
35	KF Innvandrarsenteret i Flora	Kommunalt føretak		100,00 % Innvandring- og flyktningearbeid	
36	Flora Bordgleder KF	Kommunalt føretak		100,00 % Kommunalt kjøkken	

\*) I følge utkast til avtale mellom Kinn kommune og NoMil skal Kinn kommune betale inn ein selskapskapital til NoMil som svarar til 27,29 % av selskapet sin totale eigenkapital med fråtrekk for restverdi til bundne etterdriftsfond knytt til deponi «Ivahola» på det tidspunkt kommunen går inn i selskapet.

## 3.2 Oversikt over representantar og utval

Oversikt over valomite, utsendingar til eigarorgana og styrerepresentantar.

Sett inn tabell når dette er klart.

# 4. Prinsipp for god eigarstyring

Kinn kommune sin eigarskap skal utøvast profesjonelt innanfor rammene av norsk selskapslovgiving og vere basert på allment aksepterte eigarstyringsprinsipp.

Eigarstyringsprinsippa skal angi korleis kommunen skal opptre som eigar og kva forventningar som vert stilt til selskapa. Formålet med prinsippa er å avklare roller og ansvar, sikre openheit, ryddige avgjersleprosessar, redusere risiko og fremme verdiskaping.

## 4.1 Utøving av godt og aktivt eigarskap

Kommunesektoren sin organisasjon, KS, har publisert 21 tilrådingar for god eigarstyring i dokumentet «Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll». Tilrådinga til KS tek utgangspunkt i Staten sine prinsipp for god eigarstyring.

Kinn kommune har lagt til grunn KS sine tilrådingar i arbeidet med kommunen sine prinsipp for god eigarstyring i kapittel 4 og utøving av eigarskapen i kapittel 5.

## 4.2 Kommunen sine prinsipp for god eigarstyring

Kinn kommune sine prinsipp for god eigarskapsstyring gjeld i utgangspunktet styring av alle heileigde og deleigde selskap. Prinsippa vil gjelde uavhengig av selskapsform og kva målsetting kommunen har med selskapet eller samarbeidet, og dei vil leggast til grunn for alle selskap der kommunen har vesentlege eigarinteresser.

I det følgande omtalast Kinn kommune sine prinsipp for god eigarstyring.

### 4.2.1 Etablering og avvikling av selskap

Kinn kommune legg vekt på at den kommunale tenesteproduksjonen skal gjennomførast effektivt og ha ein hensiktsmessig styrings- og organisasjonsstruktur. Kommunen vil på bakgrunn av dette kunne vurdere omorganisering av kommunal verksemd. Etablering av kommunale selskap vil kunne skje ut frå omsyn til effektivitet, samfunnsøkonomisk lønnsemd og andre samfunnsmessige vurderingar.

Før ein mogeleg selskapsdanning skal det analyserast kva eigar ønsker å oppnå ved å opprette eit selskap/føretak framfor ei meir ordinær kommunal organisering.

Når kommunen vel å organisere verksemda som eit eige selskap, utanfor rådmannen sin mynde, må styring av verksemda skje innan rammene for selskapslovgivinga og anna særlovgiving som regulerer korleis selskapet kan drive si verksemd. Etablering av eige selskap krev at verksemda vert styrt gjennom vedtekter, eigarstrategi og vedtak i eigarorgan.

Etablering som eige selskap medfører at rapportering frå verksemda ikkje inngår som ein del av den kommunale årsrekneskapen. Det enkelte selskap skal rapportere etter nærmare bestemte reglar i rekneskapslova og selskapslovgivinga, samt eventuelt særskilt regelverk i kommunen.

Ved val av selskapsform må det vurderast kva selskapsform som er best egna til å oppnå målsettingane med eigarskapet. Kva ansvar og risiko tek kommunen ved val av denne selskapsforma, og gir selskapsforma tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen? Kva behov ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet?

Ved val av selskapsform er det fleire sentrale forhold å vurdere:

- Moglegheiter og behov for politisk styring
- Økonomisk ansvar og forpliktingar for kommunen
- Risikovurderingar i høve marknaden, miljø, innbyggjarane mv.

- Selskapet sin økonomi
- Vurdering av optimal kapitalstruktur
- Fleksibilitet i høve samarbeid med private
- Forholdet til forvaltningslova og offentlegheitslova
- Skatte- og avgiftsmessige forhold
- Regelverket om offentleg anskaffing

Selskap som driv konkurranseutsett verksemd i tillegg til monopolverksemd, bør som hovudregel skille ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

Tar selskapet risiko og opererer i ein marknad bør det etablerast eit aksjeselskap.

Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi for fleire kommunar kan interkommunale selskap vere ei hensiktsmessige form. Der ein enkeltkommune skal drive ei verksemd i eigenregi, kan kommunalt føretak (KF) vere ein hensiktsmessig form. Stiftingar bør ikkje brukast for verksemd som krev eigarstyring.

Det vert anbefalt at selskap ved utskilling av verksemd til sjølvstendig rettssubjekt søker medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon for ivaretaking av tilsette.

Kommunen skal budsjettere med midlar til eigenkapital / tilskot til oppretting av nye selskap. Om behov skal det òg budsjetterast med ytterlegare tilskot i økonomiplanperioden. Kostnads- og ansvarsfordeling mellom eigarane skal definerast.

#### **4.2.2 Selskapsspesifikk eigarstrategi**

Kinn kommune skal utarbeide ein eigarstrategi for kvart enkelt selskap, som angir kvifor ein er eigar og kva kommunen vil med eigarskapen. Eigarstrategien må samsvere med vedtekten/selskapsavtalen.

Ved etablering av nye selskap skal eigarstrategi gå fram av etableringsvedtaket. Det skal gå klart fram kva formål og strategi kommunen har for oppretting av selskapet, og om formålet kan oppfyllast innanfor eksisterande organisasjonsstruktur.

Det bør utarbeidast ein aksjonæravtale som tydeleggjer forholdet mellom eigarane, og som bygger på likebehandlingsprinsippet.

Eigarane må også ha et bevisst forhold til ein eventuell forventa avkastning. For selskap som opererer innanfor ein marknad skal prinsippa for utbyttepolitikk klargjerast og deretter fremmest for eigarorganet. Kommunen skal angi spesifikke avkastningskrav og eventuelle forventningar om utbytte til selskapa i eigarstrategien.

#### **4.2.3 Honoring av utsendingar til styre og eigarorgan**

Aksjelova gjev generalforsamlinga ansvar for å fastsette godtgjersle til styremedlemmane. I et IKS er det representantskapet som fastset godtgjersle til styremedlemmane, og det er kommunestyret eller fylkestinget sjølv som fastset godtgjersle til styret i kommunale føretak (KF).

Kommunen sine retningslinjer for møtegodtgjersle skal gjelde for selskap der kommunen har 100 % eigarskap. For andre selskap skal kommunen arbeide for tilsvarande retningslinjer.

#### **4.2.4 Mål og resultatkrav til selskapa**

Kommunen som eigar fastset mål og rammer for det enkelte selskap gjennom vedtekter og selskapsavtaler. Formålet i selskapsavtale/vedtekter bør vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar. Dersom det er spesielle forhold som er nedfelt i vedtekter eller aksjonæravtale skal desse omtala i eigarmeldinga, del II.

Kommunen skal bidra til å sikre at selskapa har ein kapitalstruktur som er tilpassa formålet med eigarskapen og selskapet sin situasjon.

Kommunen har i hovudsak eit langsiktig perspektiv på investeringane i selskapa, og skal av den grunn fastsette langsiktige resultatkrav ovanfor styret. Resultatkrava er nødvendige for å kunne vurdere selskapet si utvikling over tid opp mot kommunen sitt mål med engasjementet.

Resultatkrava vil kunne omfatte forventningar til avkastning i form av utbytte eller verdistiging på investert kapital. Resultatkrava vil også kunne omfatte andre forhold som eksempelvis kvaliteten på tenestene.

I selskap med næringsdrift bør kommunen, som hovudregel, stille krav om utbytte frå dei selskapa kommunen er medeigar i. I 2018 vart det utbetalt utbytte til kommunen frå Sogn og Fjordane Energi AS, Firda Billag AS og Firdavegen 1 AS.

#### **4.2.5 Openheit knytt til eigarskapa**

Kommunen vil praktisere openheit ved at informasjon er offentleg tilgjengeleg innan dei rammer som følger av selskapslova og forvaltningslova. Høg grad av openheit bidreg til demokratisk innsyn knytt til kommunen sin utøving av eigarskapen.

Kommunen ventar at selskapa er opne om viktige forhold knytt til verksemda. Tilgang til relevant informasjon er ein viktig føresetnad for å sikre god utøving av eigarskapen.

Kinn kommune skal:

- Årleg utarbeide ei eigarmelding som skal leggast fram for kommunestyret med status for eigarskapen, samansettning av styret, godtgjersle til styret og økonomiske nøkkeltal.
- Utarbeide selskapsspesifikke eigarstrategiar som sikrar openheit knytt til forvaltninga av eigarskapen i det enkelte selskap.
- Behandle vesentlege eigarspørsmål offentleg.
- Legge ut relevant informasjon om kommunen sin eigarskap på kommunen si heimeside.

Eigarmøte og generalforsamlingar skal normalt vere offentlege. Dette gjeld likevel ikkje dersom openheit skader selskapet eller kommunen sine interesser, og kommunelova eller offentlegheitslova gjev heimel for å lukke møte eller halde tilbake dokument frå offentlegheita.

I IKS, selskap etter § 27 i koml. og heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80. Ved opprettning av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal kreve rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 77. 5. ledd. Slik innsynsrett skal normalt krevjast. Rett til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtekten.

Ved tilsegn om kommunale garantiar, næringsstøtte og andre tilskot skal kommunestyret vurdere om det skal krevast rett til innsyn i selskapet / organisasjonen, jf. koml. § 77. 5. ledd. Slik innsynsrett skal normalt krevast.

#### **4.2.6 Samfunnsansvar og etikk**

Kommunale selskap forvaltar fellesskapet sine ressursar. Forvaltninga skal skje på ein måte som er berekraftig over tid. Omdøme til kommunen vil derfor i aukande grad avhenge av korleis kommunen forvaltar sitt samfunnsansvar gjennom eigarskapa.

Det eksisterer ikkje eit felles fasitsvar på kva samfunnsansvarleg forretningsdrift er. Dette må definerast av det enkelte selskap. Men både regjeringa og EU har definert omgrepene slik:

*«Regjeringen legger til grunn en forståelse av samfunnsansvar som innebærer at bedrifter integrerer sosiale og miljømessige hensyn i sin daglige drift og i forhold til sine interessenter. Samfunnsansvar innebærer hva bedriftene gjør på en frivillig basis utover å overholde eksisterende lover og regler i det landet man opererer»*

Etikk er ein viktig del av dei vurderingar som skal gjerast for å drive eit selskap samfunnsansvarleg fordi dei etiske haldningane legg grunnlag for korleis ein faktisk handlar.

Kinn kommune skal gjennom sine eigarskap bidra til samfunnsansvarleg forretningsdrift og ei berekraftig samfunnsutvikling. Kommunen skal uttrykke forventningar til korleis selskapene skal ivareta samfunnsansvaret i eigarmeldingane for kvart enkelt selskap. Samfunnsansvar skal også vere eit sentralt tema i eigardialogen med selskapene.

Styret og den daglege leiinga har ansvar for å integrere samfunnsansvar i forretningsdrifta. Kommunen ventar at kommunale selskap integrerer etiske, miljømessige og sosiale omsyn utover gjeldande lovkrav.

#### **4.2.7 Internkontroll**

Kommunale selskap forvaltar store verdiar på vegne av fellesskapet og leverer samfunnskritiske tenester innan ei rekke sektorar. Kommunen skal uttrykke forventningar til selskapet sine system for internkontroll og risikostyring for å sikre at selskapet vert forvalta i tråd med eigarane sine vedtak og intensjon, førebygger mislegheiter, samt sikrar eigarane sine investeringar og selskapet sine egedelar.

Styret sin forvaltnings-, tilsyns- og kontrollansvar framkjem av lovgivinga som regulerer den enkelte selskapsform. Forventningane til selskapet sin internkontroll og risikostyring vil både presisere og supplere lovgivinga.

#### **4.2.8 Dokumentasjon**

Kommunen skal etablere eit arkivsystem der all vesentleg informasjon knytt til dei kommunale eigarskapa vert lagra. Kommunen skal ha ei samla oversikt over eigarskapa med informasjon som til dømes selskapsnamn, aksjar fordelt på aksjeklassar, stemmeandel, kostpris mm.

For dei enkelte eigarskapa skal kommunen i arkivsystemet samle relevant dokumentasjon som til dømes aksjeeigarbok, aksjonæravtalar, vedtekter, eigarstrategi, oppdatert og korrekt informasjon om selskapene si verksemd, organisering og årsrekneskap, rapportering frå styrrepresentantane og utsendingar til eigarorganana, samt anna relevant informasjon om eigarskapen.

# 5. Utøving av eigarskapen

Kinn kommune skal utøve ein aktiv eigarskap gjennom å formulere klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette skal gjerast gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa gjennom representantane i dei operative eigarorganana, representantskap og generalforsamling, i samsvar med kommunestyret sine vedtak/føringer. Aktiv eigarstyring krev tverrpolitisk forankring av kommunen sitt engasjement i selskapet.

## 5.1 Generelt

### 5.1.1 Opplæring av representantar

Kinn kommune vil som ein del av folkevaldopplæringa gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta knytt til eigarstyring av utsikt verksamhet. Den første opplæringa skal gjennomførast i løpet av dei første 6 månadane av valperioden, og seinare med oppfølging etter 2 år.

I opplæringa skal ein spesielt legge vekt på:

- Informere om rettar og plikter representanten tek på seg ved å la seg velje til vervet
- La representanten få innsikt i kva ansvar han/ho kan pådra seg
- Orientere om kven ein skal vere lojal ovanfor som vald representant. I dette ligg å skilje mellom verv der ein skal representer kommunen som eigar og styreverv der ein har ansvar overfor generalforsamlinga/representantskapet og selskapet
- Informere om korleis eit selskap er organisert, forskjellen mellom generalforsamling/representantskap og styre
- Få generell opplæring i styrearbeid

### 5.1.2 Styrrrepresentant

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap ligg til styret. Det er heimla i aksjelova og lov om interkommunale selskap. Styret er ansvarleg for at verksemda vert styrt innanfor dei rammer som følger av selskapet sitt formål og vedtak som er fatta av eigarane i generalforsamling. Styret skal vere ein støttespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes følge opp, evaluere og kontrollere leiinga.

Styret skal på eit uavhengig grunnlag ha ei aktiv rolle i høve forvaltning og organisering av verksemda, og ivareta den strategiske leiinga av selskapa.

Styret sin leiar har eit særskilt ansvar for at styret fungerer godt og at det oppfyller forpliktingane. Styret skal sørge for at det som kollegium er kompetent og profesjonelt i utøvinga av oppgåvene sine. Dette inneber at styret greier å skilje roller og unngå rolleblanding. Dette er spesielt viktig i offentleg eigde selskap sidan her er mange ulike interessentar med sine individuelle krav og forventningar.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Eit styremedlem representerer selskapet Han/ho skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det enkelte styremedlem og dagleg leiar i eit aksjeselskap er gjennom forvaltninga av selskapet underlagt eit personleg erstatnings- og strafferettsleg ansvar.

Ein aktiv eigarskap betyr også at eit styremedlem kan skiftast ut dersom eigarne meiner at han ikkje fremmer eigarane sine interesser på ein god måte.

Styret bør fastesette rutinar og retningslinjer som supplerer lovgivinga for å sikre ei god leiing av selskapet.

Avhengig av selskapet sin størrelse og verksemnd bør styret vurdere følgande:

- Fastsette instruks for styret og den daglege leiinga med særskilt vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- Fastsette ein årleg plan for styret sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Gjennomføre eigenevaluering årleg med omsyn til både kompetanse og utført arbeid.
- Gjennomføre eigne styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver.
- Gi opplæring til nye styremedlemmer.
- Vurdere behovet for styreforsikring.
- Registrere verv i styrevervregistrert.
- Ivareta ein uavhengig kontrollfunksjon av styret si leiing på vegne av eigarane.
- Sikre likebehandling av eigarane.

### **5.1.3 Habilitetsvurdering av styrerepresentantar**

Ein kommunestyrerrepresentant som er styremedlem i ei verksemd (IKS og AS) vil hamne i habilitetskonflikt mellom rolla som eigar og rolla som styremedlem når selskapet er part i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 første ledd.

Om tilsette i kommunen skal være representantar i styre eller bedriftsforsamlingar, må dette særskilt grunngjenvæst.

Inabilitet gjeld ikkje ved behandling av overordna saker som årsbudsjett, økonomiplan, og kommuneplan fordi ingen er part.

I tillegg til direkte inhabilitet kan det oppstå avleia inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd når det er andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til upartisk handsaming. Her må kvart tilfelle vurderast særskilt. Kommunestyremedlem bør avklare habilitetsspørsmål i forkant ved hjelp av juridisk vurdering frå administrasjonen.

Styremedlemmar skal ikkje ta på seg særskilte oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet. Styremedlemmar skal ikkje omfattast av selskapet sine incentiv-/bonusordningar, då dette vil kunne påverke deira uavhengighet.

For meir informasjon sjå rettleiar om habilitet, «Habilitet i kommuner og fylkeskommuner» frå Kommunal og Regionaldepartementet».

### **5.1.4 Tilsyn og kontroll**

Kommunestyret har både eit tilsyns- og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevast og at etiske omsyn vert ivaretake. Kontrollen vert utført blant anna gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjeld og når ei verksemd er skilt ut i eit eige selskap.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret sjå til at det vert ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Kontrollutvalet si oppgåve er todelt; ein obligatorisk del som omhandlar eigarskapskontroll og ein frivillig del som omhandlar forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har derfor ei vesentleg rolle i kommunen sin kontroll med selskapa.

Minst ein gong i valperioden skal kontrollutvalet fremme forslag til plan for eigarskapskontroll for kommunestyret. Planen skal vedtakast av kommunestyret. Planen skal angi kva eigarinteresser og selskap som vil kunne vere aktuelle for kontroll, og i kva grad det er aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon. Med utgangspunkt i planen skal kontrollutvalet legge fram rapport til kommunestyret om gjennomførte kontrollar og resultata av desse.

## **5.2 Eigarstyring i Kinn kommune**

Kommunen si eigarstyring skal utøvast gjennom formelle eigarkanalar og utøving av eigarskapen skal vere politisk forankra. Eigarstyringa skal utøvast på eit overordna nivå og ikkje gripe inn i styret sitt myndigheitsområde eller den daglige leiinga av selskapa. Kommunen som eigar skal fremme sine interesser gjennom generalforsamling (AS), representantskapsmøte (IKS) og føretaksmøte (KF).

### **5.2.1 Kommunestyret**

Kommunestyret er det øvste organet og fører tilsyn med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret er ansvarleg for å oppnemne kontrollutvalet og sørge for at kontrollutvalet har bistand frå sekretariatet. Kommunestyret behandler også resultat av revisjonar og kontroller som utførast av kontrollutvalet, og har i tillegg ansvar for vidare oppfølging.

Sjølv om delar av verksemda til kommunen er lagt ut i eit selskap har kommunestyret det overordna ansvaret. Det er derfor viktig å oppretthalde ei god folkevalt styring. Kommunestyret skal sørge for likebehandling, politisk heiderleg framferd og respekt for spelereglar. I tillegg skal kommunestyret sjå til at innbyggjarane har tilstrekkeleg informasjon til å følgje med i politikken og stille dei styrande til ansvar, samt at det er ryddige forhold i den politiske styringa av administrasjonen og at kommunen leverer resultat som innbyggjarane og dei folkevalte er tilfreds med.

Kommunestyret vel eigarrepresentantar til eigarorgana basert på innstillinga frå valkomiteen.

Der ikkje andre er valde av kommunestyret, representerer ordføraren eller den han gjev fullmakt, Kinn kommune i generalforsamlingar og representantskap.

### **5.2.2 Valkomite**

Kinn kommune skal ha ein valkomite, med varamedlemmar. Leiaren av valkomiteen vert valt av kommunestyret.

Valkomiteen vert valt kvart 4. år i samband med konstituering av det nye kommunestyret. Den ordinære valkomiteen skal innstille til Kinn kommune sine utsendingar til eigarorgan og styret i selskapa. Det formelle valet av styremedlemmar skjer i selskapa sine eigarorgan (generalforsamling / representantskap). I kommunale føretak er det kommunestyret sjølv som er eigarorgan, og som vel styremedlemmar.

### **5.2.3 Formannskapet**

Kinn kommune har valt å nytte formannskapsmodellen som styringsform. Formannskapet er det nest øvste politiske organet i kommunen, og er samansett av eit utval av kommunestyret sine medlemmar, deriblant ordføraren og varaordføraren. Formannskapet kan tildelast styresmakt i dei fleste saker.

Formannskapet i Kinn kommune skal vere eit operativt organ for utøving av eigarskap på vegne av kommunestyret, og skal halde seg løpende orientert om utvikling i verksemduene kommunane har eigarskap i, og ta avgjersler i saker som omhandlar eigarutøving. Formannskapet kan avgjere at vesentlege og prinsipielle saker skal handsamast av kommunestyret.

Eigarstyring i Kinn kommune er særskilt forankra til formannskapet.

Formannskapet skal bidra til operativ, heilskapleg og føreseieleig eigarstyring av selskapa som kommunen har eigarinteresse i. Formannskapet vert oppnemnt av kommunestyret i same prosess som konstituering av nytt kommunestyre.

Formannskapet skal i forkant behandle alle saker som skal leggast fram for eigarorgana. Formannskapet sine medlemmer får dermed god innsikt i ulike sider ved selskapa si verksemd, og moglegheit til å påverke og diskutere med kommunen sin eigarrepresentant for dei ulike selskapa.

Formannskapet har ansvaret for å utarbeide og legge fram årleg eigarmelding som inneholder eigarstrategi og omtale om kvart selskap.

#### **5.2.4 Utsending til eigarorgana**

For kommunen sine eigarskap er myndigheita til å vere generalforsamling eller representantskap delegert til ordføraren. Ordførar møter som kommunen sin representant i selskapet sine eigarorgan, med dei føringar eigarutvalet gir. Ordfører pliktar å rådføre seg med eigarutvalet ved utøving av eigarrolla.

Ordføraren eller den han gjev fullmakt representerer Kinn kommune som eigar i generalforsamlinga eller representantskapet der kommunen er deleigar.

#### **5.2.5 Val av styremedlemmer**

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret vert samansett og gjeve dei nødvendige styringsrammer for å utøve sitt virke som eit profesjonelt organ. Samansetning av styret skal gjerast i tråd med gjeldande lovkrav. Samansetninga vert også regulert av vedtekter, selskapsavtalar og aksjonæravtalar.

Det bør utnemnast styremedlemmer som har kompetanse, erfaring, kapasitet og eigenskapar som bidreg til at styret som eit kollegium kan forvalte selskapet på ein forsvarleg måte i tråd med formålet.

Styremedlemmar vert valt av generalforsamlinga eller representantskapet. Utsending til eigarorgana skal kontakte eigarutvalet for å få kommunen sine innspel på aktuelle kandidatar i forkant av møte i eigarorganet.

Følgjande kriterium bør vektleggast ved val av styremedlemmar:

- a) kva kompetanse treng selskapet
- b) kva erfaring er viktig å få inn i styret
- c) tid/kapasitet til å utføre styrevervet
- d) mangfald og kjønnsfordeling
- e) habilitet

Begge kjønn bør ha lik representasjon i styrene, uavhengig av selskapsform.

Det følger av aksjelova § 6-12 at selskapet sitt styre har det fulle og heile ansvaret for forvaltninga av selskapet.

Kommunen skal utøve eigarstyring gjennom eigarorganana, og ikkje gjennom styret der representantane har eit personleg verv.

Der det vert utpeika vara til styret bør ordninga med numerisk vara nyttast for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret i dei tilfelle kommunen er 100 % eigar. Lovverket gjev høve til å utpeike enten personlege eller numeriske vara. Anbefalinga om numerisk vara er gitt ut i frå behovet for kontinuitet og kompetanse. Det vert og anbefalt at 1. vara blir invitert til styremøta for på den måten å sikre best mogeleg kompetanse og kontinuitet.

Det er eit vilkår at alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap skal registrere verva på: [www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no).

#### **5.2.6 Rådmannen**


Rådmannen er øvste administrative leiar for kommunen sin organisasjon og rapporterer til dei ulike folkevalte organa. Rådmannen har ansvar for å legge fram forslag til vedtak i alle slags saker for dei folkevalte organa. Etter at vedtak er fatta, har rådmannen ansvaret for gjennomføring av dei.

Rådmannen har ansvar for å legge til rette system og rutinar som sikrar at kommunen har oversikt over eigarskapa og relevant kommunikasjon mellom kommunen og selskapa / kommunen sine representantar og eigarutvalet.

Aksjeselskap og interkommunale selskap er eigne rettssubjekt som er regulert utanfor kommunelova si ramme, og rådmannen vil derfor som i utgangspunktet ikkje ha noko formell styringsfunksjon ovanfor desse selskapa.

Rådmannen vil ha ansvar for å førebu saker for politisk behandling som angår kommunen sine eigarskap til selskapet.

Figur 2: Organisering av oppfølging av eigarskap



### 5.3 Oppfølging av selskapa

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over dei selskapa som kommunen er engasjert i, kven som til ei kvar tid representerer kommunen som eigar i selskapet og kva formållet med engasjementet er. Det skal gjennomførast ein årleg kontroll. Utgangspunktet for kontrollen er å følgje opp økonomisk utvikling og strategi med eigarskapet.

Det kan skiljast mellom generell rapportering og enkelrapportering. Alle rapportar skal gå til eigarutvalet. Eigarutvalet vurderer om det er formålstenleg å legge en rapport fram for formannskapet eller kommunestyret.

Kommunestyret kan pålegge kontrollutvalet å utføre ytterlegare kontroll.

#### 5.3.1 Eigarmelding

Krav til eigarmelding er heimla i kapittel 26 i kommunelova som vart vedteken av Stortinget den 8. juni 2018. I følge kml. § 26-1 skal kommunen skal minst ein gong i løpet av valperioden utarbeide ei eigarmelding som skal leggast fram for kommunestyret for vedtak. Eigarmeldinga skal gi oversikt over

alle verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i, det vil seie aksjeselskap, interkommunale selskap og kommunale føretak.

Kinn kommune har valt å utarbeide årleg eigarmelding som skal leggast fram for kommunestyret om hausten (september/oktober). Tidspunktet på året er valt med tanke på å hente inn oppdaterte rekneskapstal frå selskapa.

Eigarmeldinga skal minst omfatte:

1. Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunen sine prinsipp for eigarstyring.
2. Ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarende interesser i.
3. Omtale om kvart selskap som minimum inneholder ein omtale av; formål og selskapsspesifikk eigarstrategi, juridisk styringsgrunnlag, økonomisk utvikling, samt tilråding til klassifisering av eigarar.

Eigarmeldinga skal sikre eit grunnlag for nødvendige styringssignal til selskapa og tydeleggjere dei folkevalte sitt ansvar. Den skal også bidra til å skaffe oversikt over kommunen si samla verksemde og bidra til meir openheit for omverda.

### **5.3.2 Eigarmøte og kontaktmøte**

KS anbefaler at det periodisk vert gjennomført eigarmøte for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet. Eit eigarmøte er eit møte mellom representantar frå kommunen som eigar, styret og dagleg leiari for selskapet.

Eigarmøte er ikkje eit formelt selskapsrettsleg organ. Følgelig har eigarmøte ingen mynde til å ta avgjersler i utøvinga av eigarar i eit IKS eller AS. I enkelte av aksjeselskapene og interkommunale selskapene i Kinn kommune er det praktisert å kalle inn til eigarmøte. Invitasjonen kjem normalt frå styret i aksjeselskapet, mens i interkommunale selskap kan det også vere representantskapet som inviterer. Frå kommunen deltar normalt ordførar og rådmann frå kvar deltagarkommune.

Eigarmøta nyttast primært til å innhente styringssignal frå eigarane før saker av stor betydning for eigarane skal behandlast og førast fram til avgjersle. Eigarmøta kan også nyttast til å informere eigarane om verksemda eller endringar i selskapet sine rammevilkår.

Selskapet har ansvar for at det vert ført protokoll frå eigarmøte, som vert distribuert til deltagarane. Ein slik protokoll bør leggast fram som orientering til Formannskapet.

I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt å gjennomføre kontaktmøte mellom selskapet si leiing (dagleg leiari og styreleiar) og kommunen si leiing (eigarutvalet). Kontaktmøta vil primært ha som mål å gjensidig orientere om utviklinga av selskapet si verksemd. Kontaktmøte er ikkje eit organ som kan fatte avgjersler.

Formannskapet kan invitere føretak til å gi ei orientering i forkant av eit formannskapsmøte. At slik dialog skal gjennomførast kjem fram av innkallinga til formannskapsmøtet og det vert protokolført at dialogmøte er gjennomført. Dialogmøte er ikkje eit organ som kan fatte avgjersler.

### **5.3.3 Generell rapportering**

I tillegg til eigarmeldinga skal eigarutvalet løpende få rapportering frå styrerepresentantane og eigarrepresentantane.

#### **5.3.3.1 Rapportering frå styrerepresentantane**

Styrerepresentantane skal sikre ei tilfredsstillande rapportering og informasjonsflyt til eigarane. Kinn kommune skal til ein kvar tid ha relevant, oppdatert og korrekt informasjon om selskapene si verksemd, organisering og resultat. Rapporteringa frå selskapene dannar grunnlaget for ein aktiv og føreseieleg eigaroppfølging. Selskapene skal rapportere i tråd med gjeldande lovkrav.

Styrrepresentantane skal årleg utarbeide ein rapport med omtale av selskapet si verksemd og rapportere til eigarutvalet. Rapporten skal danne grunnlaget for eigarutvalet sin omtale av kvart selskap.

### **5.3.3.2 Rapportering frå eigarrepresentantane**

Representantane som møter på representantskap og generalforsamling, skal representere kommunen og følge dei vedtaka som kommunen har gjort enten dette gjeld:

- Eit konkret politisk vedtak som gjeld ei spesiell sak som skal til behandling i selskapet
- Generelle føringar som gjeld selskapet eller som går fram av grunngjevinga for at kommunen oppretta eller engasjerte seg i selskapet
- Generelle retningsliner i kommunen sin eigarskapspolitikk.

Representantane må på eige sjølvstendig initiativ løpande vurdere om:

- Saker til handsaming skal drøftast med eigarutvalet på førehand.
- Saker som gjeld vedtektsendring, bør leggast fram for eigarutvalet på førehand.
- Opplysningar som dei blir kjende med ved utøving av vervet, skal tilbakerapporteras eller vurderast av eigarutvalet, og om det kan vere føremålstenleg å ha med seg representantar frå administrasjonen til generalforsamling eller representantskap.

Dei som møter som kommunen sine utsendingar rapporterer tilbake til eigarutvalet eller den dei representerer ved fullmakt.

Generell rapportering skal leggast fram for eigarutvalet kvart år. Kontrollen med økonomiske nøkkeltal og kommentarar skal vere grunnlaget i rapporten. Dette er ein generell rapport som viser status.

Eigarutvalet kan med bakgrunn i rapporten utføre vidare kontrollar

I rapporteringa skal det leggast fram liste over alle selskapa som kommunen har eigardel i. Selskap av liten verdi eller med lav risiko inngår normalt ikkje i denne analysen.

Grunnlaget for analysen er den økonomiske situasjonen til selskapa basert på årsmelding og årsrekneskap frå offentleg tilgjengeleg rapportering. Dersom det gjennom analysen kjem fram særskilde avvik, kan det vere naturleg å ta kontakt med selskapet for nærmare avklaring av situasjonen.

### **5.3.4 Enkelrapportering**

Eigarutvalet kan på bakgrunn av rapporteringa i punkt 5.3.3.2, be om at det vert gjennomført ein utvida rapport for eit enkelt selskap. Eigarutvalet skal rapportere særskilte hendingar til formannskapet.

# 6. Vedlegg

## 6.1 Vedlegg 1- Alternative organisasjonsformer

Kommunane har ei sjølvstendig mynde til å etablere selskap for å løyse kommunale oppgåver. Kommunar har ei rekke ulike organisasjonsformer å velje mellom. Mest brukt er interkommunale selskap (IKS) og aksjeselskap (AS). Nedanfor følgjer ei oversikt av dei ulike alternativa;

### 6.1.1 Kommunen

Kommunen sin eigen driftsorganisasjon er administrasjonen slik han er organisert under rådmannen.

### 6.1.2 Kommunalt føretak

I tileller der kommunen ønsker å gi ei verksemeld ei meir sjølvstendig stilling enn det som gjeld i den tradisjonelle etatsmodellen, kan eit kommunalt føretak etablerast etter kommunelova kap. 11.

Eit kommunalt føretak er ikkje ein juridisk person, men ein del av kommunen som rettssubjekt. Kommunen er part i alle avtalar og heftar for føretaket sine forpliktingar. I motsetnad til utskilling ved bruk av aksjelova og lov om interkommunale selskap, vil dei tilsette ha kommunen som arbeidsgjevar.

Føretaket vert leia av eit styre, som er valt direkte av kommunestyret. Kommunestyret kan instruere føretaksstyret. Dagleg leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret. Føretaket er på denne måten direkte underlagt kommunestyret sin budsjettmynde. Dagleg leiar er ikkje underordna rådmannen. Kommunalt føretak høver best for forretningsmessige oppgåver.

### 6.1.3 Vertskommunesamarbeid

Vertskommunesamarbeid er ei form for interkommunalt samarbeid der verksemda er lagt til administrasjonen i ein av dei deltagande kommunane.

Vertskommunesamarbeidet kan leiast av ei eiga folkevald nemnd, eller av kommunedirektøren i vertskommunen. Vertskommunesamarbeid kan mellom anna nyttast til lovpålagte oppgåver og til utøving av mynde. Samarbeidet blir regulert av ei samarbeidsavtale.

### 6.1.4 Kommunalt oppgåvefellesskap

Kommunalt oppgåvefellesskap, kapittel 19 i kommunelova, som gjev to eller fleire kommunar høve til å løyse felles oppgåver. Oppgåvefellesskapet kan ikkje treffe enkeltvedtak. Fellesskapet skal styrast av eit representantskap som kan opprette eit styre. Det skal ligge føre ei samarbeidsavtale.

### 6.1.5 Interkommunalt selskap

Interkommunalt selskap etter lov om interkommunale selskap kan opprettast av kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap. Selskapet er eit sjølvstendig rettssubjekt.

Den einskilde kommunen heftar uavgrensa for sin del av pliktene til selskapet. Selskapet sitt eigarorgan og øvste mynde er representantskapet. Deltakarane må opprette ein skriftleg selskapsavtale. Styret og dagleg leiar har ansvar for forvaltinga av selskapet.

Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine valte medlemmar i representantskapet. Kvar enkelt deltakar skal ha minst ein representant i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett ovanfor sine medlemmar i representantskapet. Representantskapet vel også styret. Styret skal ha minst tre medlemmar, og omfattast av kravet om balansert kjønnsrepresentasjon, dette vil seie minst 40 % representasjon av kvart kjønn. Dagleg leiar eller medlem i representantskapet kan ikkje vere medlem i styret.

Representantskapet som eigarorgan har følgande mynde ovanfor styret:

- vedtek styret sin samansetnad
- kan instruere styret og gjere om på styrevedtak
- kan gjennom selskapsavtalen fastslå at nærmere definerte saker må godkjennast av representantskapet

#### **6.1.6 Samvirkeføretak**

Kommunen kan også delta i samvirkeføretak. Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap. Organisasjonsforma vert regulert av lov om samvirkeføretak (samvirkelova).

Samvirkeføretaket kan ha medlemmar, men ikkje eigarar, og vert styret av dei som handlar med føretaket og som dermed har direkte nytte av den verksemda som vert drive. Samvirkeføretaket kan ikkje verte kjøpt opp. Årsmøte, samvirkeføretaket sitt øvste organ, fattar avgjersler som hovudregel ut frå prinsippet om eit medlem, ei stemme.

Samvirkeføretaket vert leia av eit styre, og er eit sjølvstendig rettssubjekt.

#### **6.1.7 Aksjeselskap**

Eit aksjeselskap kan vere heileigd av ein kommune eller fylkeskommune, saman med andre kommunar og fylkeskommunar eller saman med private rettssubjekt. I eit AS har eigarane avgrensa økonomisk risiko for selskapet sine forpliktingar.

Selskapet sitt øvste organ er generalforsamlinga. Gjennom generalforsamlinga kan eigarane forvalte vedteker, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak, fastsette rammer og gi nærmere reglar for styret og dagleg leiar. Det er generalforsamlinga som vel styret. Selskapet vert leia av styret og dagleg leiar.

Styret har det overordna ansvaret for at selskapet vert drifta i samsvar med eigarane sine mål og innanfor rammene av lovverket. Styret har også ein viktig funksjon for å sikre strategisk planlegging for selskapet. Dagleg leiar skal rette seg etter dei pålegg og føringer som styret har vedteke.

#### **6.1.8 Stiftingar**

Kommunen kan også opprette stiftingar. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt, dei er sjølveigande og blir leia av eit styre. Som stiftar av ei stifting har kommunen ikkje høve til å utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på overskot i

stiftinga sitt overskot (ta utbytte). Stiftarane kan ikkje løyse opp stiftinga. Stiftingar vil berre vere ei føremålstenleg organisasjonsform i dei tilfella der det er ønske om å gjere verksemda heilt uavhengig av kommunen.

#### **6.1.9 Val av selskapsform**

Val av selskapsform påverkar moglegheita til å utøve politisk styring og kontroll. Formål og karakter ved verksemda er avgjerande kriterium for val av selskapsform. Kommunen skal som eigar sjå til at selskapsforma er tilpassa styringsbehovet og oppgåvene som selskapet skal ivareta.

Figuren under viser korleis aukande grad av sjølvstende kan påverke val av selskapsform.

Figur 3: Alternative organisasjonsmodellar

